



## Installasjon Nyno<sup>®</sup> versjon 3.3x

### Generelle systemkrav

Nyno<sup>®</sup> 3.3x krev Windows 7 eller seinare versjonar. Det kan installerast på enkeltstående PC-ar eller på PC-ar i nettverk. Det finst ei særskild rettleiing for nettverksinstallasjon.

### Installasjon einbrukar

Når du kjøper Nyno, får du informasjon om nedlasting og nødvendig lisensinformasjon tilsendt på e-post.

Installasjonen av Nyno 3.3x går i to steg for einbrukarversjonen.

#### **1. Installasjon programfiler**

Start installasjonsfila SETUP.EXE i den nedlasta versjonen. Standardnamnet på mappa der Nyno skal liggje, er sett til C:\Programfiler\Nyno, men dette kan du endre. Følg elles rettleiinga i installasjonsprogrammet.

Det er mogleg å kople Nyno til nokre Word-versjonar. Koplinga skjer gjennom bruk av dokumentmal for Word. Denne installasjonen vil vere ulik frå maskin til maskin og må derfor utførast manuelt. Vi har laga særskilde dokumentmalar for ulike Word-versjonar. Du finn detaljert informasjon på fila LESMEG.RTF i programmappa eller på Nynodatas hjelpesider, [nynodata.site](http://nynodata.site).

#### **2. Lisens og aktivering**

Det er nødvendig å legge inn lisens for Nyno før du tek det i bruk. På spørsmål om brukarnamn og lisensnøkkel, legg inn informasjonen du har fått tilsendt. Det er viktig at du legg inn nøyaktig det som står i e-posten. Vi tilrår derfor at du kopierer informasjonen inn, slik at du unngår feilskriving.

Utan lisens fungerer Nyno berre som demoversjon.

Aktivering skjer automatisk når du er kopla til Internett og startar opp programmet. Dersom du av ein eller annan grunn ikkje får aktivert, ta kontakt med Nynodata på [support@nynodata.no](mailto:support@nynodata.no).

Lukke til med Nyno i produksjon av nynorsk tekst!

Nynodata AS

*Nyno<sup>®</sup> er registrert varemerke for Nynodata AS*